

VEDTEKTER FOR STIFTINGA JÆRMUSEET
Sist vedtatt i styremøte i Stiftinga Jærmuseet 30.september 2014

§ 1

Stiftinga Jærmuseet er eit eige rettssubjekt stifta av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola og Time.

Stiftinga Jærmuseet har ein grunnkapital på kr. 200.000,-.

Museet sitt forretningskontor ligg i Hå kommune.

§ 2

Jærmuseet er ein del av det nasjonale museumsnettverket og Rogaland fylke sitt samla museumsstell. Museet si verksemd skal tilpassa seg dei retningslinjer, ordningar og krav offentlege styresmakter stiller til museumsvesenet, og gjeldande avtalar mellom stiftarkommunane og museet.

§ 3

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie, dei tekniske utviklingslinene i norsk jordbruk og ta på seg andre nasjonale dokumentasjonsoppgåver på område der dette er naturleg.

Dette arbeidet skal skje gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling.

Jærmuseet er ein møtestad mellom natur, kultur og teknologi, mellom fortid og nåtid. Museet skal bidra til at folk flest, og særleg barn og unge, får auka kunnskap om og betre forståing for desse samanhengane slik at vi kan oppretthalda og vidareutvikla eit teknologibasert samfunn som samtidig tar vare på natur og miljø, kultur og historie.

§ 4

Styret er museet sitt høgste organ. Styret skal ha 10-12 medlemmer som skal veljast på følgjande måte:

1. Kvar av stiftarkommunane oppnemner 1 styremedlem med vararepresentant.
2. Rogaland fylkeskommune oppnemner 1 styremedlem med vararepresentant.
3. Museet si valnemnd, jfr. § 7, føreslår to eksterne styremedlemmer med vararepresentantar.
4. Museet sine tilsette kan velja inntil 2 styremedlemmer med vararepresentantar.

Kommunale og fylkeskommunale oppnemningar skjer for valperioden, andre for to år om gongen.

Skifte av styret skjer i det møtet der det sitjande styre slutthandsamar årsmelding og revidert rekneskap for det året som gjekk.

Styret veljer sjølv leiar og nestleiar for 2 år om gongen, etter forslag frå valnemnda.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene er til stades. Ved lik stemmegjeving er styreleiar, og i hans fråvær møteleiar, si stemme avgjerande. Styret har ansvar for museet si organisering og drift innanfor den vedtekne budsjetttramma. Styret skal og sjå til at samlingane blir tekne vare på og forvalta på forsvarleg vis.

Styret tilset dagleg leiar, vedtar instruks for dagleg leiar og gir retningslinjer for den daglege drifta.

Styret skal protokollføra forhandlingane sine, sørgja for fullnøyande rekneskapsføring og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap. Når styret har slutthandsama årsmelding og rekneskap skal dette sendast stiftarkommunane og Rogaland fylkeskommune.

Rekneskapen skal reviderast av offentleg revisjonsorgan eller statsautorisert revisor etter gjeldande reglar.

Fylkeskultursjefen har møte-, tale- og forslagsrett i styret, og skal såleis motta innkalling til, og referat frå, styremøta.

§ 5

Museet sitt budsjett vert finansiert ved tilskot og eventuelle driftsinntekter.

Styret syter for at budsjettforslag for kommande år vert utarbeidd innan 1. mai og sendt stiftarkommunane og fylkeskommunen som budsjettsøknad. Stiftarkommunane betalar driftstilskot til museet med ein kronesats pr. innbyggjar. Krone-satsen vert føreslått av styret og godkjent av kommunane saman med budsjettsøknaden.

Når tilskotsvedtak ligg føre fastset styret i desember endeleg budsjett for kommande driftsår.

Vertskommunetilskotet vert for kvart år avtalt direkte mellom museet og dei kommunane der museet har avdelingar eller har forvaltningsansvaret for museale bygningar og samlingar.

§ 6

Museet skal ha ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av museet si verksemd etter dei retningslinjer som styret til ei kvar tid bestemmer. Dagleg leiar skal sørgja for at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltinga er ordna på betryggande måte.

Dagleg leiing av museet omfattar ikkje saker som etter tilhøva ved museet er av uvanleg art eller stor betydning

§ 7

Mellom styremedlemene oppnemner styret ei valnemnd på tre personar. Valnemnda skal føreslå to eksterne styremedlemer med vararepresentantar og skal vidare leggja fram forslag på styreleiar og nestleiar, jfr. § 4.

§ 8

Jærmuseet kan ha egne avdelingar.

§ 9

Det kan skipast vennelag tilknytt Jærmuseet sine ulike avdelingar. Vennelaga har som formål å støtta verksemda ved museet og ved avdelingane. Vennelaga fastset sjølv vedtektene sine.

§10

Styreleiaren, saman med dagleg leiar, pliktar Stiftinga juridisk.

§ 11

Vedtektene kan endrast av styret med 3/4 fleirtal. Før styret vedtar dei nye vedtektene skal endringsforslaget sendast stiftarkommunane og Rogaland fylkeskommune til høyring.

§ 12

Dersom ein av stiftarkommunane vil trekka seg ut av samarbeidet må kommunestyret i vedkommande kommune gjera vedtak om dette med minst 12 månaders varsel. Utmeldinga gjeld frå 1. januar i det rekneskapsåret som startar etter at utmeldingsfristen på minst 12 månader er ute. I utmeldingsperioden har vedkommande kommune tilskotsplikt i samsvar med § 5.

Kommunar som trekker seg ut har ikkje krav på nokon av museet sine eignelutar dersom ikkje anna er avtalt.

§ 13

Vedtak om oppløysing kan gjerast av styret med 3/4 fleirtal i to særskilde styremøte. Etter at styret har handsama forslaget første gong skal forslaget om oppløysing sendast stiftarkommunane og Rogaland fylkeskommune til høyring før styret handsamar forslaget for 2. gong.

Ved oppløysning skal disponeringa av museet sine eigneluter avgjerast av stiftarkommunane og Rogaland fylkeskommune i fellesskap.